



Årsmelding 2024





Linda Littlekalsøy Aase,
konsernsjef

Konsernsjefen si oppsummering

2024 vart eit krevjande år for oss i Bremnes Seashore. Me starta året med stans i produksjonen, permittingar og manglende råstoff. Me har måtte ta tøffe, men nødvendige grep - og avslutta året med å leggja ned Salma og varsle store oppseilingar.

For mange har dette vore ei tung tid, både personleg og fagleg. Samtidig er eg stolt - stolt av organisasjonen vår og alt me har fått til i dette året. Midt i motgangen har me klart å halda fast på det som er viktigast: Fisken og folka. Me har halvert dødelegheita i sjø, snudd drifta i oppdrett og levert god drift på land. Det er ingen tvil om at den langsiktige satsinga vår på fiskeverfert, biosikkerheit og kompetanse no gir resultat.

Gjennom året har me jobba målretta for å rigga og rusta oss for framtida. Me har opna ein av dei mest moderne foredlingsfabrikkane i Europa, og sjølv om oppstarten har vore prega av utfordringar, så er me no godt i gang med å byggja fart og effektivitet. Me har starta arbeidet med å utvikla ein ny salgsstrategi - forankra i konsernstrategien - og bygd vidare på styrkane i Sjór for å skapa ei plattform for vekst og lønsemnd.

Me har lagt ned aktivitetane til Salmon Brands- og dermed avslutta eit viktig kapittel i historia vår. Salma har vore ein bærebjelke og ei stolheit for mange av oss, og det er naturleg at det vekkjer kjensler. Samtidig ser me framover. BÖMLO og H82 står no i front for vår vidare satsing på kvalitetsprodukt av norsk laks.

Eg er imponert over krafta og evna til omstilling som finst i denne organisasjonen. Me har stått saman, funne løysingar og sikra både arbeidsplassar og kompetanse. Me har utvikla organisasjonen og lagt grunnlaget for eit meir berekraftig kostnadsnivå og meir effektiv drift. Men me er ikkje i mål - me må jobba vidare med å forenkla, effektivisera og ha eit sterkt fokus på kostnadene i heile verdikjeda.

Sjukefråværet har vore for høgt i delar av organisasjonen, og det er noko me må jobba vidare med. HMS-resultata våre i 2024 var samla sett for därlege. Me har redusert skadefrekvensen og sett HMS høgare på agendaen, men me melder framleis inn for få sikkerheitsobservasjonar, og me har hatt alvorlege hendingar med stort skadepotensial. Me må stilla høgare krav til oss sjølve og kvarandre, og utvikla ein sterkare tryggleikskultur - for me skal vera ein arbeidsplass der folk både trivst og kjem trygt heim.

Samtidig følgjer me nøye med på dei politiske prosessane som vil forma rammevilkåra våre framover. I vårt høyringsinnspeil til havbruksmeldinga bad me om at forslaga vert grundig konsekvensutgreidde før Stortinget tek stilling til ei så omfattande omlegging av tillatelsesystemet. Me har løfta behovet for langsiktige overgangsordningar, oppretthald av investeringstryggleik og betre kunnskapsgrunnlag - særleg for påverknaden på Vestlandet. Bremnes Seashore vil halda fram med å bidra konstruktivt i arbeidet for trygge og føreseielege rammer for berekraftig havbruk i framtida.

Gjennom mange år har me investert i teknologi, kompetanse og kvalitet - og det er desse investeringane som gjer at me no står rusta for framtida. Me har fortsatt utfordringar å løysa, men me har vist at me har både kraft og vilje til å ta dei - saman.

Linda L. Aase

Linda Littlekalsøy Aase
konsernsjef

Konsernstrategi

Visjon

Vi set standarden for kvalitetslaks

Styrande prinsipp



FOLK



FISK



MILJØ



LØNNSEMD

Strategi

OPPDRETT

Auka produksjon og overleving

INDUSTRI

Auka produktivitet og kostnadseffektivitet

SALG

Auka lønnsemd, optimal portefølje og merkevare

Leiarprinsipp



VER TILGJENGELEG



SNAKK UT



SJÅ OPP



BYGG TEAM



LØFT FRAM

Verdiar



UTVIKLING



TRUVERD



ARBEIDSGLEDE

Innhald

KONSERNSJEFEN SI OPPSUMMERING

KONSERNSTRATEGI

VÅRE LOKALITETAR

EIGARSKAP

LEIING

OVERORDNA ORGANISERING

FRISKARE FISK

- halvert dødelegheit i sjø

KLASSEROM PÅ FLÅTEN

- rekruttering på naturleg vis

MILJØ I DJUPNA


- kartlegging som styrer vegen vidare

2	KLIMAREKNESKAPEN	18	KONTANTSTRAUM KONSERN	24
3	STYRET SI ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR 2024	19	Kontantstraum frå drift	24
5	STYRET 2024	20	Kontantstraum frå investeringar	24
6	ÅRET OPPSUMMERT	21	Kontantstraum frå finansiering	24
7	BREMNES SEASHORE-KONSERNET	22	ÅRSRESULTAT MORSELSKAP	24
8	NØKKELTAL OG HØGDEPUNKT	22	ÅRSRESULTAT KONSERN	24
	FINANSIELLE RESULTAT	23	DISPONERING AV RESULTAT MORSELSKAP	24
	KONSERNRESULTAT	23	DISPONERING AV RESULTAT KONSERN	24
9	Omsetning og volum	23	VIDARE DRIFT	25
	Materialkostnad	23	ESG	25
	Løns- og personalkostnader	23	FORSKING OG UTVIKLING	25
12	Andre driftskostnader	23	HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT	26
	Av- og nedskrivningar	23	TILSETTE	26
	Driftsresultat (EBIT)	23	LIKESTILLING OG MANGFALD	26
	Finanskostnader	23	COMPLIANCE OG FORRETNINGSETIKK	27
15	Skatt	23	MARKNADSUTSIKTER	27
	KONSESJONAR	23	RESULTATREKNESKAP	28
	LIKVIDITET OG KAPITALRESSURSAR	24	BALANSE - EIGEDELAR	29
	KONTANTSTRAUM MORSELSKAP	24	BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD	30
	Kontantstraum frå drift	24	KONTANTSTRAUMOPPSTILLING	32
	Kontantstraum frå investeringar	24	NOTAR	34
	Kontantstraum frå finansiering	24	REVISORMELDING	52


Våre lokalitetar

Symbolforklaring

-  Sjølokalitet
-  Settefisk
-  Tilvekstsenter
-  Eksportselskap, Sjor
-  Slakteri, foredling og administrasjon




Eigarskap




Seashore Land AS

Produksjon av smolt og postsmolt




Seashore Sjø AS

Sjøbasert lakseproduksjon




Seashore Shipping AS

Reiarlag




Seashore Industri AS

Slakteri og foredling



Salmon Brands AS

Marknadsføring og sal av SALMA-produkt



Sjór AS

Sal, distribusjon og eksport av heifisk og foredra laks




Tyltlandsvik Aqua AS

Produksjon av post-smolt



Sævareid Fiskeanlegg AS

Produksjon av smolt



Tubilah AS

Produksjon av kveite

Leiing

Bremnes Seashore-konsernet er organisert etter dei tre kjerneverksemndene **oppdrett**, **industri** og **marknad**, og støtta av konsernfunksjonar for **økonomi**, **HR**, og **strategi**. Som ein del av strategien for 2025 og åra framover, har konsernet tilpassa organiseringsa for å styrka fokus på kjerneverksemda og ta ut effektane av dei langsiktige investeringane, inkludert den nye fabrikken.

Selskapet er leia av konsernsjef Linda Littlekalsøy Aase. Konsernleiargruppa har fått eit meir spissa ansvar, med tydelig prioritering av oppgåver knytt til effektiv drift, lønsemd og utvikling. Følgjande personar inngår i konsernleiargruppa:

- **Jon Vikanes Buchvold** - oppdrettsdirektør
- **Geir Ivar Ådnanes** - fabrikkdirktør
- **Kristine Evensen** - marknadsdirektør
- **Anders Kalleberg** - økonomidirektør
- **Laila Knarvik** - strategidirektør
- **Linn Tove Hollund** - HR-direktør

Leiargrupper og arbeidslag i konsernet er organiserte etter kjerneverksemndene, uavhengig av selskapsstrukturen. Denne måten å organisera seg på har bidratt til tettare integrasjon på tvers av selskap, og gir leiinga eit meir samla og operativt bilet av verksemda.



Bakre rekke f.v.: Jon Buchvold, Linn Tove Hollund, Laila Knarvik, Linda Littlekalsøy Aase, Kristine Evensen.
Fremre rekke f.v.: Anders Kalleberg, Geir Ivar Ådnanes.

Bremnes Seashore-konsernet sin Code of Conduct (etiske retningslinjer) skildrar forventningar til korleis konsernet og dei tilsette skal opptre - med vekt på respekt for menneske, ansvarleg forretningspraksis og vern av selskapet sine verdiar. Dokumentet inneheld konkrete føringar for etisk åtferd, og gir retning for arbeidet med etterleving.

Alle tilsette får opplæring i retningslinjene, gjennom eit tilpassa program som tek omsyn til risikobiletet i dei ulike delane av verksemda. Målet er å sikra at relevante dokument og forventningar er kjende i heile organisasjonen.

Det er etablert ei eiga varslingsordning der både tilsette og eksterne interessenter kan melda frå om mogleg kritikkverdige forhold. Varslingsmottaket vert handtert av det uavhengige rådgivingsselskapet Ernst & Young AS.

Riskostyring handlar om å identifisera, forstå og handtera risikoar på ein systematisk måte - for å støtta måloppnåing og balanse mellom verdiskaping og verneinteresser. Konsernet

har ein samla risikostyringspolicy, ei overordna risikoanalyse og fleire underanalysar på avdelingsnivå. I 2024 har me jobba vidare med å utvikla risikostyring som eit meir dynamisk verktøy for strategiske avgjerder.

Etter innføringa av openheitslova har me gjennomført aktsemdsvurderinger av leverandørar. Desse vurderingane gir innsikt i risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, og vert følgde opp systematisk.

Me held årlege interessentmøte ved alle anlegg. Her drøftar me drift og påverknad med nabobar, organisasjonar, styresmakter og andre aktørar. Innspel og klager frå interessentar vert registrerte og handterte systematisk.

Overordna organisering

Konsernsjef

Linda Littlekalsøy Aase

Oppdrett

Jon Buchvold

Industri

Geir Ivar Ådnanes

Marknad

Kristine Evensen

Økonomi

Anders Kalleberg

Strategi

Laila Knarvik

HR

Linn Tove Hollund



Gjeravåg, Bømlo


FRISKARE FISK - halvert dødelegheit i sjø

Bremnes Seashore sitt arbeid med å betra fiskevelferd betalar seg. Fokus på fisken, god drift og regionalt samarbeid har vore nøklar når bedrifta har klart å halvera dødelegheita i sjø.

Oppdrettsdirektør Jon Buchvold er klar på at slike resultat ikkje er mogleg utan at alle bidreg.

«Det er innsatsen kvar og ein legg ned som gjer at dette fungerer. Samtlege hos oss set fisken først, og me legg ned ein større del av innsatsen i det førebyggande og overvåkande arbeidet. Det gjer at me har fått ei større ro rundt eksempelvis planlegging og gjennomføring av alle handteringsoperasjonar, som jo er blant dei største risikofaktorane for fisken vår,» seier Buchvold.

«Operasjonsarbeidet skjer meir no på fisken sine premissar. Om atferdsendringar eller straumforhold gjer oss usikre, stoppar me opp og gjer opp status. Då evaluerer me om me skal gå vidare eller avbryta. Det same gjeld i den generelle produksjonsoppfølginga. Om me oppdagar endringar i helsestatus, for eksempel eit sjukdomsutbrot, er me raskare på å agera enn tilfellet var før i tida,» seier Buchvold.



«Fisen skal ha det så bra som mogleg hos oss, frå start til slutt, og dette er tankegangen i alle oppgåver me gjer.»

- driftsleiar, Hanne Grytdal

Ei suksesshistorie

Hanne Grytdal er driftsleiar på Hidlekjerringa, eitt av anlegga som oppnådde særskilt gode resultata i arbeidet med å redusera dødelegheit i sjø.

«Grunnverdien vår er at kvar fisk har eit liv, anten det er laks eller reinseefisk,» seier Grytdal. «Fisen skal ha det så bra som mogleg hos oss, frå start til slutt, og dette er tankegangen i alle oppgåver me gjer. Frå dagleg røkting til notskift og behandling.»

Konkret peiker Grytdal på eit par suksessfaktorar, blant anna registrering av velferd i Anteo-systemet.

«Det gjer det enklare for oss å følgja med på gitte velferdsparameter, slik at me eventuelt kan setta inn tiltak tidleg. Me er og påpasselege

med å sørge for at alt er på plass når fisken kjem, slik at det vert minst mogleg forstyrningar rett etter utsett,» seier Grytdal.

Heimeklekka

Ekstra kjekt er det at den fisen som klarte seg aller best på Hidlekjerringa, vart klekka i Gjeravåg, det eldste smoltanlegget til Bremnes Seashore. Det er Inge Robberstad, driftsleiar på lokaliteten, stolt av.

«Dette gir oss motivasjon for å stadig bli betre, slik at dei på sjø skal få eit best mogleg utgangspunkt for å lukkast,» seier han.


Faktisk har fisk frå Gjeravågen klart seg betre enn gjennomsnittet, med totalt under 7 % dødelegheiter på dei tre siste generasjonane.



Hanne Grytdal, driftsleiar



Inge Robberstad, driftsleiar



«Me jobbar alltid for å skapa best mogleg forhold for fisken, og har gjort fleire mindre og større optimaliseringar...»

- driftsleiar, Inge Robberstad

«Likevel har fisken som gjekk til Hidlekjerringa utmerkt seg, med under 4 % dødelegheit. Me jobbar alltid for å skapa best mogleg forhold for fisken, og har gjort fleire mindre og større optimaliseringar. Me har forbetra oksygenering og lufting av CO₂. Vidare har me kjøpt nye vaksineringsmaskinar og nytt utstyr til kjøling og oppvarming,» seier Robberstad.

I tillegg til det reint tekniske har dei i Gjeravågen, som elles på Bremnes Seashore sine anlegg, eit kontinuerlig samspel med naturen.

«Dei seinaste åra har vore gode med litt kalde og våte somrar. Det har gitt oss gunstige temperaturar og mykje råvatn. Det hjelper oss å optimalisera produksjonsplanane. Så er det viktig for oss å ikkje produsera meir fisk i anlegget enn at me kan gi fisken best moglege

forhold i dei ti til fjorten månadane han står i Gjeravågen.»

Robberstad avsluttar med å understreke at samarbeid er suksesskatorene i arbeidet med å redusera dødelegheit i sjø.

«Me vil berømma det gode arbeidet som har blitt gjort på Hidlekjerringa med fisken frå Gjeravåg. Me ser fram til neste leveranse allereie til hausten,» seier han.

KLASSEROM PÅ FLÅTEN

- rekruttering på naturleg vis

Elevar ved Bømlo vidaregåande skule har ein unik moglegheit til praktisk utdanning. «Bømlomodellen» har over tid vist seg å vera ein suksessmodell for skulen, elevane og bedriftene som er ein del av han.


Skulen sin undervisningskonsesjon vert drifta av Bremnes Seashore, som satsar stadig meir på opplæring av unge.



VG2 akvakultur trenar på
navigasjons-simulatoren ved
Bømlo vidaregåande skule. Elev
Mari Helen Eidsvåg og lærar Børre Mæland.



Emil Alvsvåg og Stella Nilsen, VG2 akvakultur, Bømlo vidaregåande skule.



«Å driva undervisning på denne måten er nytt for både oss og skulane, men samspelet oss i mellom fungerer godt.»

- oppdrettsdirektør, Jon Buchvoll


«Den gir oss mogleiheit til å være med å utvikla framtidas medarbeidalar, og til å visa fram den flotte næringa me jobbar i,» seier Jon Buchvold, oppdrettsdirektør i Bremnes Seashore. «Å driva undervisning på denne måten er nytt for både oss og skulane, men samspelet oss i mellom fungerer godt. Me har ein god dialog heile vegen, og har allereie funne måtar å forbetra dette tilbodet slik at det vert enno meir givande for elevane.»

På land og lokalitet

Klassane til elevane vert delt inn i to. I Kvednavikjo har Bremnes Seashore investert i eige klasserom der elevane føl eit opplegg som er utvikla i samarbeid mellom skulen og Bremnes Seashore. Den andre gruppa brukar dagen på flåten på Holevik. Andrea Sortland Grindheim

er koordinator for undervisningskonsesjonen, og er den som følgjer elevane tettast.

«Gruppene byter på det, slik at alle får med seg heile opplegget. Dei som skal ut på lokalitet blir då henta på kaien med båt, og blir med på den daglege drifta på anlegget. Ofte skal dei fordjupe seg i eit tema eller ei oppgåve, som for eksempel luseteljing, velferdsscore eller båtkøyring. Me prøver desse dagane å kun fokusera på opplegget rundt elevane, men fordi me driv med levande organismar kan det oppstå situasjonar der me må vurdere om me må avvike frå den opphavlege læringsplanen. Som oftast får elevane vera med å løyse situasjonen, men då under strenge rammer,» seier Grindheim.



«Elevane våre får opplæring som er veldig tilpassa arbeidsmarknaden her. Det er jo positivt med tanke på å behalda arbeidskrafta her på Bømlo.»

- lærar ved Bømlo VGS, Linn Kristel Alvsvåg

Vinn-vinn-situasjon

For elevane betyr Bømlomodellen praktisk, yrkesretta læring. For skulane betyr det høgare kvalitet på utdanninga. Linn Kristel Alvsvåg er lærar for elevane, og skryt av samarbeidet med Bremnes Seashore.

«Elevane våre får opplæring som er veldig tilpassa arbeidsmarknaden her. Det er jo positivt med tanke på å behalda arbeidskrafta her på Bømlo. Og me ser at elevane har nytte av å knytta teori opp mot praksis, dei seier dei synes det er kjekt å jobbe med reelle ting, og ikkje minst er det ein moglegheit for å visa seg fram for ein stor arbeidsgivar her lokalt, seier Alvsvåg.

Jon Buchvold understreker at det siste poenget går begge vegar.

«Me må sjølv ta ansvar for rekruttering til næringa, og gjennom dette samarbeidet får me både vera med på å påvirka rekrutteringa, og samtidig stifte bekjentskap med forhåpentligvis mange av våre framtidige medarbeidarar,» avsluttar han.






Lærar ved Bømlo VGS, Linn Kristel Alvsvåg

MILJØ I DJUPNA - kartlegging som styrer vegen vidare


I mange år har Bremnes Seashore drive forsking både på eige initiativ og i samarbeid med andre. Føremålet er å optimalisera oppdrettsproduksjonen og finne ut korleis fiskevelferda kan betrast, men òg for å kartlegga eiga miljøpåvirking, og korleis berekraftig fiskeoppdrett ser ut i dag og i framtida. Ikkje minst er det eit mål å opplysa ordskiftet og gi beslutningstakarar riktig informasjon.

Bileta til høgre: Korallar i nærleiken av oppdrettsanlegg.
Bilete frå overvaking utført av Rådgivende Biologer.





Geir Magne Knutsen, fagsjef strategi og utvikling



«... ekstra viktig for oss å ta initiativ til og delta i forskingsprosjekt for å tetta kunnskapshól»

- fagsjef strategi og utvikling, Geir Magne Knutsen

«Skal næringa vår veksa i framtida, må utviklinga vera basert på kunnskap,» seier Geir Magne Knutsen, fagsjef strategi og utvikling i Bremnes Seashore. «Derfor er det ekstra viktig for oss å ta initiativ til og delta i forskingsprosjekt for å tetta kunnskapshól.»


Bredt spekter av forsking

Saman med Universitetet i Bergen har Bremnes Seashore forska på effekten av temperatur, lysrytme og symjetrening i settefisk- og matfisk-fasen, eit samarbeid med Nofima undersøkte effekten av aukt proteinmengde i foret, og saman med Rådgivende Biologer pågår eit forskingsprosjekt som ser på kva påvirkning

lakseproduksjon har på korallar. Men det siste, største prosjektet er kanskje Salmon Tracking 2030 (SALT2030).

SALT2030 er eit samarbeid der alle oppdretts-selskap i Vestland fylke deltek. Forskninga gjeld bestandutvikling av villaks og sjøaure i elvane i Vestland, og er leia av professor Albert Imsland ved Universitetet i Bergen, som òg er FoU-ansvarleg for Akvaplan-Niva.

«Forskninga vår observerer vandringsmønster og bestandutvikling i Vestland fylke, og tek i bruk blant anna kamera i elv, datachips, radiomerking, antenner i vassdrag, registreringsbøyer i fjordar og langs kysten, og bruk av el-fiske. Målet vårt er å opparbeida ei betre kunnskapsplattform



Alle oppdrettsaktørar er opptekne av å påvirka miljøet og økosystema minst mogleg, og då må kunnskapsbasert data liggja til grunn.

-konsernsjef i Bremnes Seashore, Linda Littlekalsøy Aase

for å setja inn meir målretta, effektive tiltak for å styrka bestandane av vill laks og sjøaura,» seier Imsland, som understrekar viktig det er at bransjen sjølv deltek i slik forsking.

«Det er heilt avgjerande for bransjen. Havbruksnæringa er avhengig av eit objektivt kunnskapsgrunnlag for å få forutsigbarheit rundt investeringar og arbeidsplassar, og for bærekraftiv vekst på sikt. I dag har me ikkje eit slikt kunnskapsgrunnlag, og usikkerheit kostar pengar,» seier Imsland.

Konsernsjef i Bremnes Seashore, Linda Littlekalsøy Aase, er einig.

«Ressursane er knappe, derfor må dei rettast inn mot tiltak og prosjekt som gir mest mogleg

effekt. Alle oppdrettsaktørar er opptekne av å påvirka miljøet og økosystema minst mogleg, og då må kunnskapsbasert data liggja til grunn. Eit tett samarbeid mellom styresmaktene, kontrollorgan, forskingsmiljø og på tvers av bransjen er heilt nødvendig,» seier Littlekalsøy Aase.

«Me er alle ute i samme ærend. Det er å leggja til rette for bærekraftig matproduksjon med minimal negativ miljøpåverknad,» avsluttar ho.



Linda Littlekalsøy Aase, konsernsjef

Klimarekneskapen

Beløp [t CO₂e]	2024	2023	2022	2021	2020
Marknadsbasert					
GHG Scope 1	26 759,29	17 249,54	18 241,89	13 714,86	10 465,71
Selskapseigde køyretøy	20,64	20,04	13,88	8,23	5,17
Direkte utslepp	167,80	332,25	334,68	866,86	637,92
Drivstoffbruk	26 570,85	16 897,25	17 893,33	12 839,77	9 822,62
GHG Scope 2	-	-	-	-	10 305,86
Kjøpt energi	-	-	-	-	10 305,86
GHG Scope 3	226 781,60	258 974,69	298 278,45	343 240,47	392 309,24
Kjøpte varer og tenester	131 880,90	126 392,24	172 146,98	176 470,15	229 313,68
Drivstoff- og energirelatert tenesteyting	6 235,45	4 009,40	4 212,72	3 072,89	2 295,21
Avfall frå drift	11,76	47,45	304,22	70,63	16,81
Forretningsreiser	74,47	157,01	186,28	117,22	142,44
Nedstraums transport og distribusjon	86 167,16	112 235,63	121 077,69	163 509,58	160 541,10
Investeringar	2 411,86	16 132,96	350,56	-	-
Totale klimagassutslepp	253 540,89	276 224,23	316 520,34	356 955,33	413 080,81
Prosentvis endring frå 2020	38,60	33,10	23,40	13,60	-
CO₂e per 1000 kr omsetnad	5,38	4,68	5,08	6,08	13,26
CO₂e per kg sold volum (gwt)	525,60	506,56	481,00	492,61	774,24
Karbonavtrykk - Lokasjonsbasert*					
Elektrisitet, lokasjonsbasert	447,95	530,46	308,46	500,98	442,42

METODE:

Metoden som blir brukt for å rekne ut klimapåverknaden er The Greenhouse Gas Protocol: A Corporate Accounting and Reporting Standard (Revised Edition).

* Karbonavtrykket frå kjøpt energi, rekna ut ved hjelp av lokasjonsbasert metode.

Styret si årsmelding og rekneskap for 2024

Styret 2024



Frå venstre: Hans Petter Nesse, Olav Svendsen, Tonje Michaelsen-Svendsen, Siri Tømmerås, Jan Sverre Røsstad, Nils Viga, Laila Knarvik, Marte Sætre, Bjørn Willy Sæverud. Jarle Jensen Haugo var ikkje til stades då biletet vart teke.

ÅRET OPPSUMMERT

2024 var prega av omfattande drifts-endringar og strategiske justeringar i verksemda. Året starta med mellombels stans i slakting og foredling som følgje av redusert tilgang på slakteklar fisk, etter biologiske utfordringar i 2023. Dette resulterte i permitteringar og lågare aktivitet i store delar av organisasjonen gjennom nær ti veker. Samstundes vart oppgraderinga av foredlingsanlegget sluttført, og i april kom det nye anlegget i ordinær drift.

Seinare på året vart det fatta vedtak om å avslutte produksjon og sal av SALMA. Avgjerda bygde på ei samla vurdering av lønsemd, marknadsutsikter og dei regulatoriske rammevilkåra. Formålet var å spisse innsatsen, redusere kompleksitet og styrke konkurransekrafta på lengre sikt.

Trass i krevjande rammevilkår vart det oppnådd fleire positive resultat. Dødelegheita i sjø vart halvert samanlikna med året før, og indikatorar

for fiskevelferd og produksjonseffektivitet viste betring. Det nye foredlingsanlegget vart teke i bruk og har vist ein positiv utvikling i effektivitet og kapasitet.

Det har òg vore lagt ned betydeleg arbeid for å betre dei overordna rammevilkåra for havbruksverksemder med privat norsk eigarskap. Formuesskatt og skatt på utbytte, særleg når dette må takast ut for å dekkja formueskatt, svekkjer det finansielle handlingsrommet for norsk eigde selskap.

Det er vidare peika på behovet for å skattlegge reelle transaksjonsprisar, snarare enn normprisar. Ordninga slik ho står i dag bidreg til auka byråkrati og uvisse, og det er teke til orde for ei meir presis og føreseieleg utforming av regelverket.

På det biologiske området vart det retta ny innsats mot å få på plass ei prøveordning med sesongtilpassa maksimal tillaten biomasse (MTB). Formålet var å oppnå meir stabil råvareflyt og redusert

påverknad på villaksen i vandringsperioden. Forslaget vart avslått av embetsverket, men vert framleis vurdert som relevant.

For å styrke kunnskapsgrunnlaget bak framtidige vedtak i trafikklyssystemet, vart det delteke i PO3/PO4 Kunnskapsinkubator. Målet er at kunnskapsgrunnlaget i større grad skal reflektere lokale forhold, med sikte på å bringa området frå raud til grøn status.

Det vart også gjennomført fleire interne effektiviseringstiltak, og grunnlaget for ny konsernstrategi vart lagt. Konsernet har vidareført styrken i å ha kontroll over heile verdikjeda - frå smolt til ferdig produkt - med høg standard på drift, kvalitet og fiskevelferd som bærande prinsipp.



Jenny-Helene Stoknes, driftsoperatør

Nøkkeltal og høgdepunkt

(I millionar NOK med mindre anna er opplyst)

FINANSIELL INFORMASJON

	2024	2023	2022
Sum inntekter	4 721,6	5 914,2	6 284,8
Resultat før finansposter og skattekostnad	53,5	201,0	171,8
Driftskostnader	4 514,3	5 579,1	5 977,1
Årets resultat	-33,0	49,9	134,2
Kortsiktig gjeld	1 163,6	1 064,1	1 016,2
Langsiktig finansiell gjeld	545,9	261,5	75,4
Netto rentebærende gjeld	1 004,7	636,4	414,1
Sum eiendeler	3 532,5	3 229,2	2 905,2
Aksjekapital	6,1	6,1	6,1
Sum EK	1 532,9	1 625,6	1 633,9
Netto gjeld over sysselsatt kapital %	42,4%	29,4%	21,9%
Berekna ROACE %	2,4%	9,9%	8,5%

OPERASJONELL INFORMASJON

Slaktevolum laks (mt gwt)	30 443,7	23 722,8	27 308,8
Ståande biomasse i sjø (mt lw)	17 413,7	13 702,5	17 251,5
Gjennomsnittlig MTB-utnytting	90,9%	81,4%	91,5%

BREMNES SEASHORE-KONSERNET

Bremnes Seashore har ein forretningsmodell som omfattar heile verdikjeda frå rogn til ferdig produkt. Konsernet har hovudkontor på Bømlo, med produksjonsavdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland, og salskontor i Bergen, Bømlo, Oslo og Shanghai. Verksemda omfattar oppdrett, slakting, pakking, foredling og sal av kvalitetslaks.

Fokus på kvalitet er svært viktig, og for Bremnes Seashore betyr det meir enn berre sluttproduktet. Verksemda forstår kvalitet som summen av fiskevelferd, trygg mat, miljøansvar og ei effektiv og ansvarleg verdikjede. Dette krev langsiktig arbeid og samhandling på tvers av heile konsernet.

I 2024 tok konsernet fleire viktige strategiske grep som legg grunnlaget for retninga vidare. Verksemda styrkte innsatsen for god biologisk produksjon, med fokus på fiskevelferd, overleving og volum som føresetnad for lønsemd i alle ledd. Dette skal vere ei sentral føring i den nye konsernstrategien som no er under utarbeiding.

Bremnes Seashore er eit konsern som byggjer på lokal verdiskaping, eigne tilsette og kontroll på heile verdikjeda. Verksemda samarbeider tett med ei

rekke leverandørar og strategiske partnarar i alle ledd - frå rogn og fôr til teknologi, logistikk og marknad. Desse partnarskapene er avgjeraende for å sikre kvalitet, berekraft og innovasjon i drifta.

Organisasjonen skal framover jobba meir heilskapleg som eitt konsern - med tettare samhandling mellom oppdrett, industri og sal. Verksemda har vidareutvikla kapasiteten i den nye foredlingsfabrikken, og jobbar for å styrke marknadsposisjonen med BÖMLO og H82 som berebjelkar. Sjór si rolle som salsselskap for konsernet blir stadig viktigare.

Strategiarbeidet som vart starta hausten 2024, skal bli ferdigstilt i 2025. Det skal svare på eit endra marknads- og reguleringsbilete, med nye krav til rapportering, teknologi, berekraft og effektivitet. Verksemda skal byggja vidare på styrkane, spisse innsatsen og sikre betre lønsemd gjennom heile verdikjeda.

FINANSIELLE RESULTAT

Dei finansielle resultata for 2024 speglar eit krevjande år med store driftsmessige endringar og strategiske omstillingar. Nedstenging av produksjon i første kvartal påverka både omsetning og lønsemd. Det var også gjort nedskrivningar tilknytta avvikla av SALMA. Driftsresultat var positivt, men vesentleg svakare enn året før. Årsresultatet var negativt.

Samtidig vart det gjennomført store investeringar i produksjonsanlegg og teknologi, som legg grunnlag for betre drift og verdiskaping framover. God utvikling i sjøproduksjonen og betre utnytting av kapasitet gir eit styrke utgangspunkt for 2025.

I løpet av året opplevde konsernet store kostnadsoverskrivingar knytt til innføringa av eit nytt og moderne ERP system. Prosjektet viste seg å vere meir omfattande enn forventa, og det vart gjennomført forenklingar og nedskrivningar. I ettertid ser verksemda at det ikkje var klokt å gjennomføre eit så stort IT-prosjekt parallelt med oppstart av nytt fabrikkbygg - og har teke lærdom av dette.

Gjennom året har konsernet arbeidd for betre kostnadskontroll, meir effektiv drift og sterkare samspele i verdikjeda.

Strategien framover er tydeleg: auka lønsemd skal hentast ut gjennom biologisk forbetring, betre ressursbruk og tettare integrasjon mellom oppdrett, industri og sal.

KONSERNRESULTAT

Omsetning og volum

Omsetninga for 2024 var NOK 4 721,6 millionar, som var ein nedgang på 20,2 %, eller NOK 1192,6 millionar, samanlikna med omsetninga på NOK 5 914,2 millionar i 2023. Total kontraktsandel for sløgd laks (HOG) i 2024 var 13,2 %.

Konsernet hadde eit slaktevolum på 30 444 tonn fisk i 2024. Dette er ein oppgang på 6 721 tonn frå året før. Det vart prosessert totalt 36 761 tonn fisk gjennom året, noko som er ein oppgang på 1 174 tonn, eller 3,2 %, samanlikna med 2023.

Materialkostnad

Varekostnaden for 2024 enda på NOK 3 053,0 millionar, ein nedgang på 23,9 %, eller NOK 956,8 millionar, samanlikna med varekostnaden på NOK 4 009,8 millionar i 2023.

Løns- og personalkostnader

Totale løns- og personalkostnader for 2024 var NOK 463,4 millionar, som var ein nedgang på 1,1 %, eller NOK 5,1 millionar, samanlikna med NOK 468,5 millionar i 2023. Nedgangen kom hovudsakleg frå ein liten reduksjon i talet på tilsette frå 2023 til 2024.

Andre driftskostnader

Samanlikna med 2023 var det ein nedgang i andre driftskostnader på NOK 179,9 millionar, eller 16,3 %, gjennom 2024. Nedgangen i kostnadene kjem hovudsakleg frå nedgang i kostnader i forbindelse med transport og frakt frå salsaktivitetane som er klassifisert under andre driftskostnader som følge av nedgang i seld volum. I 2024 er factoring-kostnader i Sjór AS bokførte som finanskostnader, der dei tidlegare er bokført som andre driftskostnader. Samanlikningstala for 2023 er korrigerte for å stemme med 2024-tala. Effekten er 21,1 millionar i 2024, og 22,2 millionar i 2023 som no er presenterte som finanskostnader i staden for andre driftskostnader.

Av- og nedskrivningar

Avskrivningar gjekk opp frå 134,1 millionar i 2023 til 153,8 millionar i 2024. Det vart gjort nedskrivningar for 77,0 millionar i 2024. Nedskrivningane kom som følgje av avvikling av Salma-produksjonen.

Driftsresultat (EBIT)

EBIT i 2024 vart NOK 53,5 millionar - ein nedgang på 73,4 % samanlikna med NOK 201,0 millionar i 2023.

Finanskostnader

For 2024 auka kostnadene til NOK 69,4 millionar, samanlikna med NOK 40,4 millionar i 2023. Utviklinga kjem frå opptrekk av lån i løpet av 2024, i tillegg til fortsatt høge rentekostnader. Gjennomsnittleg renteberande gjeld auka frå NOK 525,2 millionar i 2023 til NOK 820,5 millionar i 2024. Netto renteberande gjeld var per 31. desember 2024 totalt NOK 1 004,7 millionar.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valutarisiko, kreditrisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet har sett det som naudsynt, har verksemda styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordningar.

Skatt

For 2024 vart skattekostnaden berekna til NOK 17,0 millionar, samanlikna med NOK 110,7 millionar i 2023. Årsaka til nedgangen i skattekostnaden var implementeringseffekt knytt til grunnrenteskatt i 2023 som utgjorde NOK 76,1 millionar. Viser til note 5 for meir informasjon.

KONSESJONAR

Konsernet har i 2024 hatt 20,8 ordinære konsesjonar i tillegg til 4,0 forskings- og utviklingskonsesjonar og samarbeid med NOFIMA om 1,5 forskings- og utviklingskonsesjonar. Mot slutten av året vart og undervisningskonsesjonen som Bremnes Seashore driv for Vestland fylkeskommune tatt i bruk. Den bokførte verdien av konsesjonsrettane er i årsrekneskapen oppført med NOK 242,8 millionar for 2024, uendra frå 2023. Den gjennomsnittlege netto utnyttinga av konsesjonane var 90,9 % i 2024. Samanlikna med 81,4 % i 2023, utgjer dette ein markant oppgang. Første halvår bar framleis preg av etterslepet etter ILA, der utnyttinga låg på 83,8 % i snitt, medan verksemda i andre halvår låg heilt oppe i 98,1 %

LIKVIDITET OG KAPITALRESSURSAR

Dei viktigaste likviditetsressursane til verksemda er kontantbeholdning, inntekter frå drift og finansiering frå selskapet sin hovudbank. Likviditetsbehovet kjem hovudsakleg gjennom varekostnader, inkludert ekstern fisk og fiskefôr, investeringar, annan arbeidskapital, og kapitalkostnader til behandling av gjeld og utbytte. Dagens behaldning av kontantar er tilstrekkeleg for å dekke arbeidskapitalbehova i ordinær verksemd.

KONTANTSTRAUM MORSELSKAP

Kontantstraum frå drift

For 2024 enda kontantstraum frå drift på NOK 242,4 millionar, samanlikna med NOK -45,5 millionar for 2023.

Kontantstraum frå investeringar

Kontantstraum frå investeringar var NOK -184,0 millionar for 2024, mot NOK -185,4 millionar i 2023. Det var høg investeringsaktivitet både i 2024 og 2023.

Kontantstraum frå finansiering

Kontantstraum frå finansiering var NOK 59,6 millionar for 2024, samanlikna med NOK 235,0 millionar i 2023. Kontantstraum frå finansiering kom frå netto regulering av gjeld, mottatt konsernbidrag og utbetaling av utbytte.

KONTANTSTRAUM KONSERN

Kontantstraum frå drift

For 2024 enda kontantstraum frå drift på NOK 124,3 millionar, samanlikna med NOK 212,8 millionar for 2023. Nedgangen kom frå auke av varelager og netto krav.

Kontantstraum frå investeringar

Kontantstraum frå investeringar var NOK -432,5 millionar for 2024, mot NOK -370,1 millionar i 2023. Nedgang på grunn av fortsatt høg investeringsaktivitet i 2024.

Kontantstraum frå finansiering

Kontantstraum frå finansiering var NOK 296,6 millionar for 2024, samanlikna med NOK 172,2 millionar i 2023. Kontantstraum frå finansiering kom frå opptak av gjeld og utbetaling av utbytte.

ÅRSRESULTAT MORSELSKAP

Resultatet etter skatt er berekna til NOK -15,8 millionar. Dette er ein nedgang på NOK 61,1 millionar samanlikna med NOK 45,3 millionar i 2023.

ÅRSRESULTAT KONSERN

Resultatet etter skatt er berekna til NOK -33,0 millionar. Dette er ein nedgang på NOK 82,9 millionar samanlikna med NOK 49,9 millionar i 2023.

DISPONERING AV RESULTAT MORSELSKAP


På den komande generalforsamlinga skal styret foreslå følgjande disponering: 75,8 millionar blir overført frå annan egenkapital, der NOK 60,0 millionar blir avsett til utbytte, og NOK 15,8 millionar dekkar årsresultatet.

DISPONERING AV RESULTAT KONSERN

På den komande generalforsamlinga skal styret foreslå følgjande disponering: NOK 93,0 millionar blir overført frå annan egenkapital, der NOK 60,0 millionar blir avsett til utbytte, og NOK 33,0 millionar dekkar årsresultatet.



Vibece Sørvik, soneleiar



VIDARE DRIFT

Med bakgrunn i dei finansielle resultata, vert det i samsvar med rekneskapslova § 3-3a stadfesta at føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen, og at rekneskapen gir eit rettmessig bilete av konsernet sine eidedalar, gjeld, finansielle posisjon og resultat. Stadfestinga er basert på rapporterte resultat og konsernet sin strategi, finansielle situasjon og etablerte budsjett.

ESG

I store delar av verda er det eit stadig aukande fokus på berekraft og industriell verdiskaping. Sjømat, og særskilt akvakultur, må i framtida stå for ein større del av verdas matproduksjon. CSRD-direktivet er teke inn i norsk lov og ville styrka rapporteringskrava frå og med rapporteringsåret 2025. I februar 2025 offentleggjorde EU-kommisjonen det sokalla Omnibus-lovforslaget, som drastisk endrar rammene for rapporteringspliktta etter CSRD-direktivet. Mellom anna blir delen av selskap som er rapporteringspliktige redusert med rundt 80 prosent - ved at berre selskap med fleire enn 1 000 tilsette er rapporteringspliktige, og i

tillegg blei innfasinga av rapporteringskravet utsett i tid. Dersom forslaget går gjennom skal det gjere at Bremnes Seashore fell under terskelen for å vere rapporteringspliktig. Verksemda arbeider etter ei risikobasert tilnærming til berekraft i konsernet, og legg til grunn at viktige interessentar har forventingar til at me skal leve og rapportere på ein transparent måte.

I tillegg til krav frå styresmakter i Noreg og EU, møter verksemda heile tida sterkare krav frå kundar og forbrukarar. For langsiktig vekst og utvikling av konsernet og bransjen, er det avgjerande at drifta skjer i tråd med styrkte forventingar og krav til miljø, sirkulære prinsipp, reduksjonar i klimagassutslepp og ansvarleg forretningsframferd.

I løpet av 2024 oppnådde verksemda ASC-sertifisering for alle lokalitetar. I første kvartal 2025 har me avslutta bruken av ASC-sertifisering, samtidig som me sikrar at me held på - og vidareutviklar - vår standard for berekraftig oppdrettsproduksjon.

Havbruk er proteinproduksjon med eit lågt CO₂-uttlepp. Verksemda må likevel arbeide systematisk for å redusere utsleppa, både frå fôr, produksjon og transport. Vårt mål er å redusere utsleppa med rundt 45 prosent fram til 2030 frå 2020, og skal styrke klima-omstillingsarbeidet i åra framover.

Det er eit mål at oppdrettsverksemda vert driven forsvarleg etter miljømessige mål. Konsernet overvaker nøyne sjøkvalitet og påverkar hjarta og helsa til laksen.

Skanning av pre-rigor filet.

og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikre ei berekraftig drift med akseptabelt fotavtrykk på miljøet.

Berekraftsatsinga kjem øg til uttrykk i selskapsstyringa. Berekraftsatsinga er sentral i krava som stilles til samarbeidspartnerar i heile verdikjeda, i innovasjonskulturen, og i arbeidet for å sikre gode, trygge og utviklende arbeidsplassar som genererer lokal verdiskaping.

FORSKING OG UTVIKLING

Bremnes Seashore har som mål å utvikla verksemda gjennom målretta forsking og utvikling. For å styrka kunnskapsgrunnlaget vårt samarbeider me tett med universitet, forskingsinstitusjonar og fagmiljø i næringa. Gjennom slike samarbeid har me over tid utvikla ei rekke innovative løysingar i heile verdikjeda.

Verksemda deltek i fleire forskingsprosjekt som skal bidra til meir robust fisk, betre produksjon og høgare fiskevelferd. I desse prosjekta undersøker me blant anna effekt av ulike lys-, temperatur- og fôringsregime, samt effekt av symjetrenings- og korleis dette påverkar hjarta og helsa til laksen. Verksemda har også gjennomført fôrforsøk

for å optimalisera samansetjinga av laksefôr. Forsøka skjer både på smolt- og postsmoltstadiet og ute på sjøanlegga, og resultata gir viktig kunnskap som styrker fiskehelsa og produksjonsgrunnlaget.

Verksemda har blitt tildelt fleire forskingsløyve som gjer organisasjonen i stand til å gjennomføra systematiske og vitskaplege studiar. I tillegg får konsernet støtte frå både Forskningsrådet, FHF og SkatteFUNN. Organisasjonen testar også ut nye produksjonsmetodar for å vidareutvikla anlegga og styrka berekrafta.

Fiskevelferd er heilt sentralt. Verksemda har dei siste åra sett særleg på årsaker til nyrestein hos laks, gode levevilkår for rognkjeks, og på fiskevelferda ved ulike former for lusebehandling. I 2024 tok me også til med eit arbeid for å dokumentera stressnivå hos fisken i brønnbåt før slakting og i sjølve slakteprosessen - som eit ledd i ambisjonen om betre velferd frå merd til ferdig produkt.

I løpet av året lanserte konsernet ny produktporlefølje i det nye fabrikklokalet vårt med moderne prosessutstyr. SALMA-merket vart likevel teke ut av porleføljen på tamten av året som følgje av økonomiske utfordringar. Bremnes Seashore skal likevel halda fram med


Ernestas Tamosaitis, soneleiar

å utvikla høgkvalitetsprodukt gjennom BÖMLO og vidare satsing på LCF-teknologi og pre rigor-produksjon.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT

HMS-arbeidet i 2024 har vore retta mot risikoførebygging, haldningsskapande tiltak og vidareutvikling av HMS-kulturen. LTI-frekvensen enda på 10,2 - ein reduksjon på 45 % frå 2023 (18,4). Talet på fråværsskadar var ni. Det vart meldt inn 1 357 sikkerheitsobservasjonar, ein liten nedgang frå 1 400 året før.

Det er eit mål å oppretthalda og auke talet på innrapporterte observasjonar for å sikre eit realistisk bilet av risikobiletet. Dette støttar både førebyggjande tiltak og HMS-medvit i organisasjonen.

Verksemda skal halde fram med eit målretta og systematisk HMS-arbeid, der tryggleik og trivsel står i fokus. Kontinuerleg forbetring, samt ansvar for eigen og andre sin sikkerheit er sentrale element i dette arbeidet.

Sjukefråværet enda på 6,8 %, ein nedgang frå 7,6 % i 2023. Tala er påverka av permitteringar ved fabrikkstenging. I denne perioden vart det gjennomført intern opplæring med vekt på sjukefråvær, rutinar og plikter. Konsernet har over

tid hatt høgt sjukefråvær, og bevisstgjering rundt ansvar og medverknad har vore eit prioritert tema.

TILSETTE

Ved utgangen av 2024 hadde Bremnes Seashore AS 49 tilsette, og konsernet totalt 583. Det vert arbeidd for å redusere bruk av mellombelte og deltidsstillingar der dette er operativt mogleg.

Lærlingesatsinga er styrkt. I 2024 hadde konsernet 18 lærlingar (fire kvinner, 14 menn), der fire avslutta læretida i løpet av året og kor fire fekk vidare jobb i selskapet. Konsernet har forplikta seg til å tilby læreplass til seks lærlingar årleg frå Bømlo vidaregåande skule, som del av samarbeidet med Vestland fylkeskommune om undervisningskonsesjonen. Akvakulturlinja ved Bømlo vart etablert hausten 2023.

Språkforståing er viktig for tryggleik og arbeidsmiljø. Konsernet dekkjer kostnadene til norskopplæring for tilsette som har behov.

Bremnes Seashore-konsernet jobbar aktivt for å skape trygge og gode arbeidsforhold for alle medarbeidarar, og ønsker å tilby faste heiltidsstillingar til våre tilsette. Dei siste åra har det

vore ein nedgang i både midlertidige og deltidsstillingar i selskapet. Fiskeindustrien opplever varierande tilgang på råvarer gjennom året. Ein konsekvens av dette er periodiske permitteringar og behov for deltids- og midlertidige stillingar. Bremnes Seashore har derfor gjennom mange år jobba for ei ordning med sesongtilpassa maksimal tillaten biomasse, noko som skal jamne ut tilgangen på råvarer gjennom året.

Styret rettar ein stor takk til alle tilsette for innsatsen som vart lagt ned i 2024.

LIKESTILLING OG MANGFALD

Konsernet arbeider planmessig for å etterleve diskrimineringslova og fremje mangfold. Det er etablert rutinar for likestilt rekruttering, gode arbeidsvilkår og vern mot trakkering.

I 2024 vart det inngått strategisk partnerskapsavtale med NAV for å styrke arbeidsgjevarrolla og strukturera oppfølginga av tilsette. Det vert gjennomført faste møte med tillitsvalde kvar tredje månad og med verneombod kvar månad. Fire møte i AMU vart gjennomført i 2024.

Det er arbeidd med tiltak for betre tilpassing av arbeidsklede og verneutstyr til begge kjønn. Bremnes Seashore har

tilsette frå mange ulike kulturar, med ein mangfaldig erfaringsbakgrunn. Konsernet har tilsette frå 26 nasjonalitetar. Særleg innan fiskeindustrien er arbeidsstokken mangfaldig.

Me ynskjer å vera ein attraktiv arbeidsgjevar for alle, og arbeidar følgeleg aktivt og planmessig for å sikre at diskrimineringslova sitt formål ivaretakast. Aktivitetane omfattar blant anna rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling og vern mot trakassering. Vidare har me som mål å vera ein arbeidsplass der det ikkje vert diskriminert grunna redusert funksjonsevne. Organisasjonen jobbar planmessig for at dei fysiske forholda i verksemda skal kunne nyttast av flest mogleg.

Havbruksnæringa har tradisjonelt vore ein mannsdominert næring. Me ser at andel kvinner som søker seg til næringa har økt dei siste åra, noko kjønnsbalansen i konsernet også viser. Vi har ein kvinneleg konsernsjef, og konsernstyret består i dag av fleire kvinner enn menn. Konsernstyret består av ti medlemmar, kor fire er kvinner.

I rekrutteringsprosessar er organisasjonen oppteken av at kvalifikasjonar, kompetanse og personleg eignaheit samanfalle med dei behova stillinga er

ment å fylle. Verksemda nyttar anerkjende rekrutteringsverktøy og har rutinar som skal bidra til likestilling mellom kjønna og hindre diskriminering. Me ynskjer å jamne ut kjønnsbalansen, og jobbar kontinuerleg for eit likestilt, inkluderande og mangfaldig arbeidsmiljø.

COMPLIANCE OG FORRETNINGSETIKK

Kulturen vår er bygd på verdiane utvikling, truverd og arbeidsglede. Hos oss er det viktig korleis me skaper resultat - ikkje berre resultata i seg sjølv. Vår drift skal alltid vere i tråd med menneskerettane, og me har null-toleranse for økonomisk og miljømessig kriminalitet og korrasjon. Bremnes Seashore-konsernets arbeid med Compliance er forankra i konsernstyret.

Vår oppdaterte Code of Conduct - eller etiske standard - vart implementert i organisasjonen i 2022. Tilsette går gjennom eit årleg opplæringsløp i den etiske standarden. Ein særleg Code of Conduct for våre forretningsforbindelsar skildrar våre forventningar til leverandørar og andre forretningsforbindelsar.

Rapport etter openheitslova §5 for 2023 vart godkjend av styret i juni 2024 og ligg på nettsida vår og i Code of Conduct. En

oppdatert rapport vil bli publisert i juni 2025.

Konsernet har prosedyre for varsling, både frå tilsette og frå eksterne interessentar.

I februar 2019 starta EU-kommisjonen ei etterforsking for å avdekke eventuelle konkurranseskadelege aktivitetar i den norske lakseindustrien. Sjór er eitt av selskapa som er under etterforsking.

I januar 2024 mottok Bremnes Seashore AS og Sjór varsel om vedtak frå EU-kommisjonen og det er skissert at EU-kommisjonen vil avgje sin beslutning i løpet av utgangen av 2025. I kjølvatnet av EU-kommisjonen sitt varsel om vedtak, er det reist erstatningskrav i Storbritannia mot mellom anna Bremnes Seashore AS som byggjer på EU-kommisjonen sin etterforsking. Bremnes Seashore vil fortsette å samarbeide med EU-kommisjonen og følgje opp alle andre prosessar som spring ut av den så langt vi finn det hensiktsmessig.

Generelt nektar Bremnes Seashore AS all form for konkurranseavgrensande åtferd, anten det gjeld EU-etterforsking, søksmål i Storbritannia eller eventuelle framtidige erstatningskrav knytt til denne eller tilgrensande saker.

Konsernet har teikna forsikring for styret sine medlemmar og øvste leiing for deira moglege ansvar for føretaket og eksterne. Det har aldri vore naudsynt å bruke forsikringsdekninga ved noko høve.

MARKNADSUTSIKTER

Marknadsutsiktene for 2025 er prega av sterk etterspurnad etter atlantisk laks, men også av auka usikkerheit i rammevilkåra. Så langt i året har verksemda sett ein betydeleg volumvekst samanlikna med 2024, driven av betre biologi, god tilvekst og solide snittvekter. Prisane starta året på eit høgt nivå, men har sidan falle gradvis. Likevel ligg prisnivået framleis over historisk snitt, noko som vitnar om ein vedvarande sterk marknad.

Laks har etablert seg som eit attraktivt og allsidig produkt i internasjonale marknader. Samfunnstrendar som helsefokus, berekraft og enkle måltidsløysingar bidreg til å auke etterspurnaden. Produktet er rikt på omega-3 og protein, har lågt klimaavtrykk og passar godt inn i moderne matvanar, ikkje minst i Asia, Europa og Nord-Amerika.

Samtidig er verdsbiletet prega av økonomisk og geopolitisk uro. Innføring av

nye handelshindringar, som den nye tollen på kanadisk laks til USA, illustrerer kor sårbar marknadstilgangen kan vere.

Verksemda ser derfor eit marknadsbilete med større svingingar i pris og marginar. I dette landskapet blir det avgjerande å sikre effektiv drift, god utnytting av kapasitet og ein verdikjede som er robust og tilpassingsdyktig. Ved å halde fast på høg kvalitet, langsiktig kundearbeid og tydelege produkt, skal verksemda styrka posisjonen sin vidare - også i eit meir krevjande marknadsklima.

Resultatrekneskap

		Mor		Konsern	
	Note	2024	2023	Note	2024
					2023
Salsinntekter	1, 2	155 743 334	91 825 762	1, 2, 3	4 712 529 479
Andre driftsinntekter		309 204	1 679 878	7	9 032 743
Sum driftsinntekter		156 052 538	93 505 640		4 721 562 222
Behaldningsendring, varer		0	0	11	-76 310 319
Varekostnader		0	0		3 129 307 977
Lønnskostnader	4	74 222 047	48 782 335	4	463 415 389
Ordinære avskrivinger	6, 7	25 581 106	15 755 681	6, 7	153 762 255
Nedskr. av varige driftsm. og immat. eged.	6, 7	23 500 000	0	6, 7	77 011 150
Andre driftskostnader	4	60 566 303	38 411 047	4, 17	920 887 810
Sum driftskostnader		183 869 457	102 949 063		4 668 074 261
Driftsresultat		-27 816 919	-9 443 423		53 487 962
Inntekt frå investering i tilknytte selskap		0	0	8	13 280 652
Konsernbidrag frå datterselskap	8	125 696 238	54 587 630		0
Andre renteinntekter		33 117 083	8 795 922		982 521
Andre finansinntekter		197 268	0		5 443 954
Nedskrivning finansielle anleggsmiddel	9	121 134 489	0	9	7 440 032
Andre rentekostnader		25 994 946	311 049		59 652 001
Andre finanskostnader		679 823	3 166 380		22 029 953
Resultat av finanspostar		11 201 331	59 906 122		-69 414 859
Ordinært resultat før skattekostnad		-16 615 588	50 462 700		-15 926 898
Skattekostnad på ordinært resultat	5	-828 075	5 202 193	5	17 048 879
Ordinært resultat		-15 787 513	45 260 507		-32 975 777
Bruk av årsresultatet					
Overført frå annan eigenkapital	14	-75 787 513	-14 739 493	14	-92 975 777
Avsatt utbytte	14	60 000 000	60 000 000	14	60 000 000
Sum bruk		-15 787 513	45 260 507		-32 975 777
					49 875 430

Balanse - egedelar

	Note	Mor	2023	Note	Konsern	2024	2023
		2024			2024		
Egedelar							
Anleggsmiddel							
Immaterielle egedelar							
Konsesjoner, patent, varemrk., rettigh. o.l.	15,6	35 915 610	62 232 623	15,6	278 736 509	305 053 522	
Utsett skattefordel	5	13 550 569	9 398 189	5	0	0	
Sum immaterielle egedelar		49 466 179	71 630 812		278 736 509	305 053 522	
Varige driftsmiddel							
Tomter, bygninger og anna fast eiedom	15,7	533 719 371	377 224 716	15,7	958 675 351	808 919 930	
Maskinar og anlegg	15,7	0	0	15,7	626 483 320	551 633 012	
Transportmiddel		0	0	15,7	257 154	436 255	
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kont.mask. o.l.		1 615 529	0	15,7	5 092 844	5 291 525	
Sum varige driftsmiddel		535 334 900	377 224 716		1 590 508 669	1 366 280 722	
Finansielle anleggsmiddel							
Investeringar i dotterselskap	15,8	232 933 144	349 067 633		0	0	
Investeringar i tilknytte selskap	8	40 000 000	40 000 000	8	77 762 679	64 482 027	
Investeringar i aksjar og andelar	9	11 316 389	10 683 648	9	12 429 799	11 797 058	
Langsiktige fordringar	10	0	0	10	195 839	188 535	
Sum finansielle anleggsmiddel		284 249 533	399 751 281		90 388 316	76 467 619	
Sum anleggsmiddel		869 050 612	848 606 809		1 959 633 494	1 747 801 864	
Omløpsmidde							
Varer							
Lager, råvarer		0	0	11,15	45 709 681	38 950 446	
Lager, fisk i sjø og anlegg		0	0	11,15	1 069 595 256	1 009 560 582	
Lager, ferdig eigentilverka varer		0	0	11,15	67 107 618	57 591 207	
Sum omløpsmidler		0	0		1 182 412 555	1 106 102 235	
Fordringar							
Kundefordringar		14 262 074	87 794 159	15	179 439 203	142 018 825	
Andre fordringar	12	1 395 794 357	872 581 980		179 728 138	190 198 941	
Sum fordringar		1 410 056 431	960 376 139		359 167 341	332 217 766	
Finansielle derivat		0	0	16	0	125 002	
Bankinnskot, kontantar og liknande	13, 15	3 498 492	4 691 560	13,15	31 263 741	42 959 165	
Sum omløpsmidde		1 413 554 922	965 067 698		1 572 843 637	1 481 404 169	
Sum egedelar		2 282 605 534	1 813 674 507		3 532 477 131	3 229 206 032	

Balanse - eigenkapital og gjeld

	Note	Mor 2024	2023	Note	Konsern 2024	2023
Eigenkapital og gjeld						
Eigenkapital						
Innskoten eigenkapital						
Aksjekapital	14	6 100 000	6 100 000	14	6 100 000	6 100 000
Overkurs	14	29 031 512	29 031 512	14	26 058 525	26 058 525
Annan innskoten eigenkapital	14	14 632 629	14 632 629	14	0	0
Sum innskoten eigenkapital		49 764 141	49 764 141		32 158 525	32 158 525
Opptent eigenkapital						
Annan eigenkapital	14	974 335 360	1 050 122 873	14	1 500 714 250	1 593 482 450
Sum opptent eigenkapital		974 335 360	1 050 122 873		1 500 714 250	1 593 482 450
Sum eigenkapital		1 024 099 500	1 099 887 014		1 532 872 775	1 625 640 975
Gjeld						
Avsetning for forpliktingar						
Pensjonsforpliktingar	4	1 225 188	592 447	4	2 065 580	1 432 839
Utsett skatt	5	0	0	5	288 097 499	276 581 586
Sum avsetning for forpliktingar		1 225 188	592 447		290 163 079	278 014 425
Anna langsiktig gjeld						
Gjeld til kreditteinstitusjonar	13,15	500 000 000	200 000 000	13,15	545 865 040	261 499 667
Sum anna langsiktig gjeld		500 000 000	200 000 000		545 865 040	261 499 667
Kortsiktig gjeld						
Finansielle derivat		0	0	16	0	0
Gjeld til kreditteinstitusjonar	13,15	490 082 015	417 856 247	13,15	490 082 015	417 856 247
Leverandørgjeld		7 867 671	5 226 516		469 338 113	411 178 494
Betalbar skatt	5	3 324 305	6 339 198	5	5 532 967	14 034 679
Skyldig offentlege avgifter		3 494 064	10 807 040		37 728 387	34 108 956
Anna kortsiktig gjeld	12	252 512 790	72 966 045		160 894 756	186 872 590
Sum kortsiktig gjeld		757 280 846	513 195 046		1 163 576 238	1 064 050 966
Sum gjeld		1 258 506 034	713 787 493		1 999 604 356	1 603 565 058
Sum eigenkapital og gjeld		2 282 605 534	1 813 674 507		3 532 477 131	3 229 206 032

Jan Sverre Røsstad
styreleiar

Laila Knarvik
styremedlem

Bjørn Willy Sæverud
styremedlem

Nils Viga
styremedlem

Tonje Michaelsen-Svendsen
styremedlem

Hans Petter Nesse
styremedlem

Jarle Jensen Haugo
styremedlem

Olav Svendsen
styremedlem

Marte Sætre
styremedlem

Siri Tømmerås
styremedlem

Linda Littlekalsøy Aase
konsernsjef

Kontantstraumoppstilling

	Note	Mor		Note	Konsern	
		2024	2023		2024	2023
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar						
Resultat før skattekostnad		-16 615 588	50 462 700		-15 926 898	160 564 594
Betalt skatt i perioden	5	-6 339 198	-21 063 835	5	-14 186 311	-25 500 465
Tap/gevinst ved sal av anleggsmiddel	7	0	0	7	497 449	0
Ordinære avskrivningar	6,7	25 581 106	15 755 681	6,7	153 762 255	134 085 754
Nedskriving anleggsmiddel	7	23 500 000	0	7	77 011 150	0
Endring i varelager og kundefordringar	11	73 532 085	-85 607 918	11	-113 730 698	28 229 089
Endring leverandørgjeld		2 641 155	-4 366 572		58 159 619	10 881 247
Endring i pensjonsmiddel/-forpliktingar	4	632 741	592 447	4	632 741	592 447
Postar klassifisert som inv.- eller finansieringsaktivitetar		-10 194 491	-65 911 956		1 984 956	6 594 028
Endring i andre tidsavgrensingpostar		149 631 626	64 592 274		-23 943 876	-102 634 469
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		242 369 436	-45 547 179		124 260 389	212 812 223
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar						
Innbetalingar ved sal av varige driftsmiddel	7	0	0	7	0	0
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel og imm.eiend.	6,7	-180 874 278	-174 070 448	6,7	-429 414 214	-358 798 694
Innbetalingar ved sal av aksjar/andelar i andre føretak	8,9	0	1	8,9	1	1
Utbetalingar ved kjøp av aksjar/andelar i andre føretak	8,9	-632 742	-8 824 326	8,9	-632 742	-8 824 326
Mottatt utbytte		0	0		0	0
Utbetalingar ved konvertibelt lån		-2 500 000	-2 500 000		-2 500 000	-2 500 000
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar		-184 007 020	-185 394 773		-432 546 955	-370 123 019

Kontantstraumoppstilling forts.

	Note	Mor		Note	Konsern	
		2024	2023		2024	2023
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar						
Netto endring, langsiktig gjeld til kredittinstitusjon	15	300 000 000	200 000 000	15	284 365 373	186 069 860
Utbetalingar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld		0	0		0	0
Netto endring, kortsiktig gjeld til kredittinstitusjon		-299 555 485	0	15	72 225 768	51 135 054
Utbetalingar av utbytte	14	-60 000 000	-65 000 000	14	-60 000 000	-65 000 000
Mottatt konsernbidrag		0	100 000 000		0	0
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		-59 555 485	235 000 000		296 591 141	172 204 913
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		-1 193 069	4 058 049		-11 695 424	14 894 117
Kontantar og kontantekvivalentar 01.01		4 691 560	633 511		42 959 165	28 065 048
Kontantar og kontantekvivalentar 31.12		3 498 491	4 691 560		31 263 741	42 959 165

Behaldning konsernkontoordning per 31.12.2024 er kr -490 082 015 og er presentert som kortsiktig gjeld til kredittinstitusjonar i årsrekneskapen.

Notar

Års- og konsernrekneskapen for Bremnes Seashore AS består av følgande delar:

- **Resultatrekneskap**
- **Balanse**
- **Kontantstraumoppstilling**
- **Notar**

Årsrekneskapen, som er utarbeidd av selskapets styre og leiing, må lesast i samanheng med årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Når faktiske tal ikke er tilgjengelege/sikre på tidspunkt for avlegging av rekneskapen, tilseier god rekneskapsskikk at leiinga bereknar eit best mogleg estimat for bruk i årsrekneskapen. Det kan framkomme avvik mellom estimerte og faktiske tal.

Åsholmen Invest AS er majoritetseigar av Bremnes Seashore AS og konsernspiss. Det blir utarbeidd konsernrekneskap i Åsholmen Invest AS, men også i underkonsernet der Bremnes Seashore AS er morselskapet.

Konsernrekneskapen inneholder konsolidert rekneskap for morselskapet Bremnes Seashore AS, med datterselskapene Seashore Sjø AS, Seashore Land AS, Seashore Industri, Seashore Shipping AS, Salmon Brands AS, Sjór AS og Salmon Brands Frankrike (dotterdotter). Datterselskapene er eigde 100 %.

Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminerte. Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta prinsipp, ved at datterselskapene følger dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Tilknytte selskap er einingar der konsernet har betydeleg, men ikkje bestemmande, innverknad på den finansielle og operasjonelle styringa. Konsernrekneskapen inkluderer konsernet sin andel av resultat frå tilknytte selskap, rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden frå det tidspunkt betydeleg innverknad blir oppnådd og inntil slik innverknad opphører.

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar og bankinnskot.

Note 0 - Rekneskapsprinsipp

Grunnleggande prinsipp - vurdering og klassifisering - andre forhold

Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar, og er avgjort i samsvar med aksjelov, rekneskapslov og god rekneskapsskikk i Noreg gjeldande pr. 31. desember.

Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggande prinsipp om historisk kost, høve til samanlikning, vidareført drift, kongruens og forsiktigheit. Transaksjonar blir rekneskapsførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter blir resultatførte når dei er opptente og kostnader blir samanlikna med opptente inntekter. Rekneskapsprinsippa vert utdjeta nedanfor.

Eigedelar/gjeld knytt til varekrinsløpet og postar som forfall til betaling innan eitt år etter balansedagen, er klassifisert som omløpsmiddel/kortsiktig gjeld. Vurdering av omløpsmiddel/kortsiktig gjeld skjer til lågaste/høgaste verdi av innkjøpskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som antatt framtidig salspris, redusert med forventa salskostnader. Andre eigedelar er klassifiserte som anleggsmiddel. Vurdering av anleggsmiddel skjer til innkjøpskost. Anleggsmiddel som mistar verdi, vert avskrivne.

Dersom det finn stad ei verdiendring som ikke er forbigeande, blir det gjort ei nedskriving av anleggsmiddelet. Tilsvarande prinsipp blir normalt lagde til grunn for gjeldspostar.

Det er i henhold til god rekneskapsskikk nokre unntak frå dei generelle vurderingsreglane. Desse unntaka er kommentert i dei respektive notar. Ved anvendelse av rekneskapsprinsipp og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, leggjast det vekt på økonomiske realitetar, ikkje berre juridisk form. Betinga tap som er sannsynlege og kvantifiserbare, kostnadsførast.

REKNEKAPS PRINSIPP FOR VESENTLEGE REKNEKAPSPOSTAR

Tidspunkt for inntektsføring

Inntekt blir resultatført når ho er opptent. Inntektsføring skjer følgeleg normalt på leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester. Meirverdiavgift, rabatter, bonusar og fakturerte fraktkostnader er trekte frå driftsinntektene.

Tidspunkt for kostnadsføring / samanstilling

Utgifter blir stilte saman med og kostnadsførte på same tid med dei inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter, blir kostnadsførte når dei påløper.

Varelager og varekostnad

Behaldningar av varer blir vurderte til det lågaste av kostpris og antatt salspris. Kostpris for innkjøpte varer er innkjøpskost. Varer under tilverking består av fisk i sjø og anlegg, og er vurdert til full tilverkingskost. Ferdigvarer er vurdert til lågaste av full tilverkingskost og netto salsverdi. Årets varekostnad består av kostpris

for selde varer, med tillegg av nedskriving i samsvar med god rekneskapsskikk per årsslutt.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir ført i balansen til innkjøpskost, med fråtrekk for akkumulerte av- og nedskrivingar. Dersom den verkelege verdien av eit driftsmiddel er lågare enn bokført verdi, og dette skuldast årsaker som ikkje kan reknast for å vera forbigeande, blir driftsmiddelet skrive ned til verkeleg verdi. Utgifter knytt til normalt vedlikehald og reparasjonar blir løpende kostnadsførte. Utgifter ved større utskiftingar, og fornyingar som aukar driftsmidla si levetid vesentleg, blir aktiverte. Driftsmiddel som blir erstatta, blir kostnadsførte. Eit driftsmiddel vert sett på som varig dersom det har ei økonomisk levetid på over 3 år, og ein kostpris på over 15 000 kroner.

Avskrivingar

Ordinære avskrivingar er berekna lineært over driftsmidla si økonomiske levetid, med utgangspunkt i historisk kostpris. Avskrivingane er klassifiserte som ordinære driftskostnader.

Immaterielle eigedelar

Konsesjonar i balansen representerer konsesjonar erverva gjennom oppkjøp. Det er inga tidsavgrensing på konsesjonane. Ordinære avskrivingar på konsesjonar blir derfor ikkje utført. Goodwill representerer meirverdiar i samband med oppkjøp av verksemder utover verdien av øvrige eigedelar. Goodwill vert avskrive ut frå ein vurdering av levetid,

maksimalt 10 år.

Fordingar

Fordingar er oppførte til pålydande, med frådrag for forventa tap.

Utsett skatt og skattekostnad

Utsett skatt blir berekna på bakgrunn av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdi ved utgangen av rekneskapsåret. Ved berekninga blir nominell skattesats nytta. Positive og negative forskjellar blir vurderte mot kvarandre innanfor same tidsintervall. Utsett skattefordel oppstår dersom ein har midlertidige forskjellar som gir opphav til skattemessige frådrag i framtida. Årets skattekostnad består av endringar i utsett skatt og utsett skattefordel, saman med betalbar skatt for inntektsåret, korrigert for feil i tidlegare års berekningar.

Det ble innført grunnrenteskatt på havbruk med verknad frå og med 1. januar 2023. Det er hensyntatt ein implementeringseffekt på utsatt skatt knytta til beholdninga i sjø i årsrekneskapet for 2023.

Valutarisiko

Konsernet har liten direkte valutarisiko då tilnærma all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i norske kroner. Endring i valutaforhold vil likevel ha konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er konsernets hovedprodukt,

og for fôrkostnaden som er største råvarekost i produksjon.

Dotterselskap/tilknytta selskap

Dotterselskap og tilknytte selskap vert vurderte etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringar blir vurderte til innkjøpskost for aksjane, med mindre nedskriving har vore naudsynt. Det blir gjort nedskrivingar til verkeleg verdi når verdifall skuldast årsaker som ikkje kan reknast for å vera forbigående og det må blir vurdert som nødvendig etter god rekneskapsskikk. Nedskrivingar blir reverserte når grunnlaget for nedskriving ikkje lengre er til stades.

Ubytte, konsernbidrag og andre utdelingar frå dotterselskap blir inntektsførte same år som dei er avsette i givar sin rekneskap. Overstig utbyttet / konsernbidraget andel av opptent resultat etter anskaffingstidspunktet, representerer den overskytande del tilbakebetaling av investert kapital, og utdelingane blir trekte frå investeringa sin verdi i balansen til morselskapet.

Valuta

Transaksjonar i utanlandsk valuta blir om til kurs på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir rekna om til norske kroner ved å nytte balansedagens kurs. Ikkje-pengepostar som vert målt til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til norske kroner ved å nytte valutakurs på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som vert målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til valutakursen fastsatt

på måletidspunktet. Valutakursendringar blir resultatførte løpende i rekneskapsperioden under andre finanspostar.

Filial

Salmon Brands AS (dotterselskap) har ein filial i Sverige som konsoliderast inn i rekneskapen. Filialens funksjonelle valuta er svenske kroner (SEK). Balansen er rekna om til balansedagens kurs, og resultatrekneskapen er rekna om til gjennomsnittskurs. Omrekningsdifferansar blir innrekna mot eigenkapital.

Finansielle derivat

Sjór AS (dotterselskap) anvender sikringsbokføring for valutaterminkontraktar og pris-kontraktar som er inngått i samanheng med fastpriskontraktar på sal av fisk til kundar fram i tid. Begge typar sikringsforhold er verdisikring, og selskapet har valt å anvende prinsippet kor ein først resultatfører verknaden av sikringa på det tidspunkt den framtidige transaksjonen skjer. Kontraktane reduserer hhv. valutarisikoen og prisrisikoen effektivt, og tilfredsstiller krava til rekneskapsmessig sikring.

Valutaterminkontraktar knytt til spotsal av fisk blir rekneskapsførte til verkeleg verdi, med verdiendring over resultatet.

Factoring

Sjór AS (dotterselskap) sine kundefordringar blir inndrivne gjennom ei factoringløysing, der andel som er kredittforsikra blir kjøpt av factatingselskapet. Kundefordringane blir frårekna ved salet ettersom factatingselskapet overtar det vesentlegste av kreditrisikoen.

Vederlaget som factatingselskapet bekreftar dei vil kjøpe kundefordringar for per 31.12, men som ikkje er utbetalte per 31.12, blir bokført som andre kortsiktige fordringar. I tilfelle der factatingselskapet har utbetalte meir enn pålydande på kjøpte fordringar i ein enkelt valuta, vert dette bokført som gjeld til kredittinstitusjonar. Provisjonskostnadene knytt til factoringavtalen blir bokført som andre finanskostnadene. I avgjort årsrekneskap for 2023 ble desse kostnadene bokført mot andre driftskostnadene i resultatrekneskapen. Endra klassifisering har medført endra rekneskapstal for 2023 mot avgjort årsrekneskap for 2023. Andre kostnadar knytt til factoringavtalen blir bokført som andre driftskostnadene.

Terminkontrakter

Salmon Brands AS (dotterselskap) brukar terminkontraktar på utenlandsk valuta for å sikre ein framtidig vekslingkurs på antatte framtidige inn-/utbetalingar i framand valuta (kontantstraumsikring). Rekneskapsmessig vert terminkontraktane klassifiserte som sikringsinstrument. Verdiendringar på valutaterminkontraktane blir ikkje rekneskapsførte.

Restrukturering

10. desember 2024 vart tilsette og andre interessentar informert om beslutning om å avvikla produksjon og sal av SALMA-porteføljen og nedbemannning av rundt 100 ansatte. Nedbemannning vart gjennomført i 1. kvartal 2025. 18. mars 2025 vart det inngått avtale om sal av SALMA-merkevaren til Insula AS. Overdraginga skjer med forbehold om godkjenning frå relevante myndigheter.

For konsernet tas det nedskrivning av varige driftsmidlar og immaterielle eigedalar på totalt NOK 77,0 mill. i forbindelse med avviklinga av SALMA. Det er og gjort nedskriving av bokførte verdiar av ERP-system.

Note 1 - Segmentinformasjon

Mor

Verksemdsområde

Salsinntekter

Leigeinnt. m.v.

01.01-31.12.2024

Elim.

Totalt

156 052 538

0

156 052 538

Bremnes Seashore AS leiger ut sine eigedommar til datterselskapet Seashore Industri AS, Seashore Sjø AS og Seashore Land AS. Eigedommene ligg i Bømlo kommune.

Konsern

Verksemdsområde

Driftsinntekter

**Heilfisk og
foredla vare**

**Pakking
og slakting**

Leigeinnt. m.v

Elim.

Totalt

7 806 172 936

197 225 546

360 620 772

-3 642 457 031

4 721 562 222

Geografiske område

Bremnes Seashore AS driv, gjennom datterselskap, med sal og distribusjon av sjømat nasjonalt og internasjonalt.

Note 2 - Transaksjonar med nærståande

Transaksjonar mellom mor og dotterselskap:

	2024	2023
Frå Bremnes Seashore AS til Seashore Sjø AS (heileigd dotterselskap):		
Leige av eigedom	1 920 000	3 076 086
Felles administrative tjenester	56 796 000	29 784 744
Sum	58 716 000	32 860 830

Frå Bremnes Seashore AS til Seashore Land AS (heileigd dotterselskap):

Leige av eigedom	1 140 000	1 132 097
Felles administrative tjenester	13 641 000	8 416 816
Anna	31 500	149 685
Sum	14 812 500	9 698 598

Frå Bremnes Seashore AS til Seashore Industri AS (heileigd dotterselskap):

Leige av eigedom	22 084 500	19 158 117
Felles administrative tjenester	38 672 000	21 322 048
Anna	4 773 812	4 260 550
Sum	65 530 312	44 740 715

Frå Bremnes Seashore AS til Sjór AS (heileigd dotterselskap):

Felles administrative tjenester	7 434 000	3 007 282
Sum	7 434 000	3 007 282

Frå Bremnes Seashore AS til Salmon Brands AS (heileigd dotterselskap):

Felles administrative tjenester	10 526 000	3 347 428
Sum	10 526 000	3 347 428

Transaksjonar mellom søsterselskap i konsern

	2024	2023
Fra Seashore Industri AS til Salmon Brands AS:		
Salg av råvarer og ferdigvarer	120 296 222	354 728 485
Anna	3 720	1 368 200
Sum	120 299 942	356 096 685

Fra Salmon Brands AS til Seashore Industri AS (søsterselskap):

Salg av råvarer og ferdigvarer	881 463	16 917 371
Sum	881 463	16 917 371

Fra Salmon Brands AS til Sjór AS:

Salg av råvarer og ferdigvarer	-	129 500
Anna	54 875	144 000
Sum	54 875	273 500

Frå Seashore Sjø AS til Salmon Brands AS:

Salg av råvarer og ferdigvarer	-	-
Felles administrative tjenester	-	720 000
Sum	-	720 000

Frå Salmon Brands AS til Seashore Sjø AS:

Anna	-	50 902
Sum	-	50 902

Transaksjonar mellom søsterselskap i konsern (forts.)

	2024	2023
Frå Seashore Land AS til Seashore Sjø AS:		
Kjøp smolt	324 869 616	207 073 672
Anna	3 210 000	745 124
Sum	328 079 616	207 818 796

Frå Seashore Sjø AS til Seashore Land AS:

Felles administrative tjenester	-	4 585 021
Sum	-	4 585 021

Frå Seashore Industri AS til Seashore Sjø AS:

Kjøp pakketjenester	142 512 601	107 616 333
Sum	142 512 601	107 616 333

Frå Seashore Sjø AS til Seashore Industri AS:

Salg av råvarer og ferdigvarer	296 491 617	375 506 720
Felles administrative tjenester	-	23 483 691
Sum	296 491 617	398 990 411

Frå Seashore Sjø AS til Seashore Shipping AS:

Felles administrative tjenester	-	1 680 000
Salg driftsmidler	-	51 829 807
Sum	-	53 509 807

Frå Seashore Shipping AS til Seashore Sjø AS:

Leige av båter og utstyr	170 398 638	113 350 980
Sum	170 398 638	113 350 980

Transaksjonane er utøvd på forretningsmessige vilkår og armlengdes avstand.

Fortset på neste side

Note 2 - Transaksjonar med nærståande, held fram

Transaksjonar mellom søsterselskap i konsern (forts.)	2024	2023
Frå Salmon Brands AS (morselskap i underkonsern) til Salmon Brands Frankrike:		
Salg av råvarer og ferdigvarer		
5 248 907	44 916 210	
Felles administrative tjenester	2 087 229	2 581 690
Sum	7 336 136	47 497 900
Frå Seashore Sjø AS til Sjór AS:		
Salg av råvarer og ferdigvarer		
2 048 218 802	1 556 142 882	
Felles administrative tjenester	-	960 000
Anna	-	1 770
Sum	2 048 218 802	1 557 104 652
Frå Seashore Industri AS til Sjór AS:		
Salg av råvarer og ferdigvarer		
289 569 807	774 030 031	
Salg av pakketjenester	20 435 686	18 478 281
Anna	-	252 395
Sum	310 005 493	792 760 707
Frå Sjór AS til Seashore Industri AS:		
Salg av råvarer og ferdigvarer		
65 236 070	222 030 827	
Sum	65 236 070	222 030 827

Transaksjonane er utøvd på forretningsmessige vilkår og armlengdes avstand.

Transaksjonar med tilknytta selskap:	2024	2023
Frå Tytlandsvik Aqua AS (tilknytta selskap) til Seashore Sjø AS (dotter):		
Kjøp av smolt		
	216 905 122	135 990 869
Sum	216 905 122	135 990 869
Frå Seashore Land AS (dotter) til Tytlandsvik Aqua AS (tilknytta selskap):		
Salg av yngel		
	49 315 585	33 820 395
Sum	49 315 585	33 820 395

Transaksjonane er utøvd på forretningsmessige vilkår og armlengdes avstand.

Note 3 - Valutaterminkontraktar

Salmon Brands AS (datterselskap) inngår valutaterminkontraktar med det formål å sikre forventa kontantstraum i utanlandsk valuta (EUR og SEK). Samlege kontraktar ansjåast å minske valutarisikoene effektivt, og tilfredsstiller dermed krava til rekneskapsmessig sikring. Samlege terminkontraktar utgår i løpet av neste rekneskapsår.

Valutaterminkontraktar inngått av Sjór AS (datterselskap) knytt til spotsal av fisk rekneskapsføres til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet. Dette blir rekneskapsført som ein finanspost.

Note 4 - Lønnskostnader / Talet på tilsette / Godtgjersler / Lån til tilsette / Pensjonar mm

Lønnskostnader mm.

	Mor 2024		Konsern 2024	
		2023		2023
Lønningar	58 598 942	39 162 851	370 525 315	378 751 030
Folketrygdavgift	9 062 117	6 489 755	53 077 878	52 653 168
Pensjonskostnader	4 696 582	2 243 518	26 887 593	27 591 394
Andre ytingar	1 864 406	886 211	12 924 603	9 530 708
Lønnskostnader	74 222 047	48 782 335	463 415 389	468 526 299
Gjennomsnittleg tal på tilsette i rekneskapsåret	50	48	543	528
Godtgjersler (i kroner)	Dagleg leiar	Styret	Dagleg leiar	Styret
Lønn, inkl. bonus	4 997 670	1 566 833	4 188 495	1 321 000
Anna godtgjersle	15 209	0	15 144	0

Mor:

Det er etablert avtale om bonus til leiande tilsette i selskapet.

Konsern:

Lønn, anna godtgjersle og bonus til leiande tilsette og styret i dotteselskapa er angitt i selskapsrekneskapa.

Lån til aksjonærar og tilsette

Det ligg ikkje føre lån eller sikkerheitstillingar til fordel for aksjonærar eller tilsette, utover ordinære lønnsforskot.

* Revisjon og revisjonsliknande tenester dekker følgande:

- Alt arbeid som lov og god revisionsskikk set krav om for at revisor skal kunne gi revisjonsmeldinga si i samsvar med ISA 700 til årsrekneskapet. Inkludert nødvendig ekstrarbeid og rettleiing for å kunne legge fram rekneskapet i samsvar med krava i lovgivinga.
- Tilsvarende arbeid for at revisor kan attestere / bekrefte vår rapportering til selskapet sitt morselskap.
- Underskrift på næringsoppgåve og årsoppgåve for arbeidsgivaravgift, jf SA 3801 Revisor sin kontroll med skattar og avgifter.
- Avtalte kontrollhandlingar etter førespurnad frå leiinga/ pålegg frå generalforsamlinga, jf. ISRE 4400.
- Begrensa revisjon av rekneskap, jf ISRE 2400.
- Arbeid knytt til attestasjon / stadfestingar pålagt vilt revisor gjennom lovgivinga, jf SA 3802
Revisor si utgreiing og stadfestingar etter selskapslovgivinga.
- Arbeid knytt til andre stadfestingar / attestasjoner lagt fram av vilt revisor, jf ISA 800 og 810.

Honorar til revisor er presentert eksklusiv mva.

Revisor

	Mor 2024		Konsern 2024	
		2023		2023
Revisjon og revisjonsliknande tenester*	388 850	312 900	2 593 579	2 107 838
Honorar for andre tenester frå vår revisor	53 700	93 400	552 421	1 040 803

Note 4 - Lønnskostnader / Talet på tilsette / Godtgjersler / Lån til tilsette / Pensjonar mm, held fram.

Samansetting av samla pensjonar og pensjonsforpliktingar

Konsernet deltek i LO/NHO-ordninga som inneber at alle tilsette kan velje å gå av med førtidspension frå og med 62 år. Denne ordninga vart i februar 2010 vedteken avvikla og det var kun mogleg å gå av med førtidspension etter den gamle ordninga fram til 31.12.2010. Gevinsten ved avviklinga av ordninga vart inntektsført i 2010, og presentert som ein reduksjon av lønnskostnader. Ei gjenverande avsetting gjeld selskapet sin eigendel for personar som er førtidspensionistar i den gamle ordninga. Konsernet sin del av underdekning i gamal ordning er dekt inn per 31.12.2016 og det er inga avsetning for dette i rekneskapen.

Som erstatning for den gamle AFP-ordninga er det etablert ei ny AFP-ordning. Den nye AFP-ordninga er, i motsetning til den gamle, ikkje ei førtidspensjonsordning, men ei ordning som gir eit livslangt tillegg på den ordinære pensjonen. Dei tilsette kan velje å ta ut den nye AFP-ordninga frå og med fylte 62 år, attåt jobb, og den gir ytterleg opptening ved arbeid fram til 67 år. Den nye AFP-ordninga er ei yttingsbasert fleirføretakspensjonsordning, og vert finansiert gjennom premiar fastsett som ein prosent av lønn. Rekneskapsmessig vert ordninga handalta som ei innskotsbasert pensjonsordning.

Konsernet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Konsernet har innført ei innskotsbasert pensjonsordning for alle tilsette som tilfredsstiller krava i denne lova.

Konsernet har ein individuell pensjonsavtale, tilleggspensjon, som er under utbetaling.
